

RAPPORT FYLKESTINGSGRUPPA for 2025



Foto: O. A. O. Rawcliffe

Fylkestingsgruppa er:

Faste representantar: Monika Kvilhaugsvik (Karmøy) og Kari Vestbø (Stavanger).
Faste møtande vara: Daniel A. Gudbrandsen (Stavanger) og Josef Nabavi (Klepp).
Vidare varapersonar: Alice Botnen Bjørkli (Haugesund), Reidar Sand (Suldal) og Araz Hanan (Sandnes)
Sekretær: Olav Alexander Oaland Rawcliffe
Monika er i Fylkesutvalet, Kari er i Samferdsleutvalet og Reidar er i Kontrollutvalet.

Andre verv: KS (Kommunenes sentralforbund) Fylkesmøte, Styret Kunstsolen i Stavanger, Regional planstrategi (råd for utviklingsplan i Rogaland), Råd for Regionalplan Dalane, Råd for Regionalplan for Jæren og Søre Ryfylke, Styringsgruppa for Tunell-sikkerheit og Temagruppa Marine Ressursar i Nordsjøkommisjonen. I tillegg må nemnast: vara til styret for Tannhelse Rogaland/andre varaplassar.

Nytt av året: *Eit sete i Revisjon av Heiplanen, og vara til det nye utvalet i Fylkeskommunen: Utval for fleirkulturell medverking.*

Om arbeidet i fylkestingsgruppa

Vi jobbar i motvind. Dei som har fleirtalet, og makta, i Rogaland fylkeskommune denne perioden (2023-2027) er H (Fylkesordføraren), FrP (Varafylkesordføraren), KrF og V. Dei har reint fleirtal. No er det slik at Venstre i nokre få saker stemmer med oss i SV på reine miljøraker. Dei andre har likevel fleirtal utan V sin stemme, og det ser ut til at Venstre lever vel med det...

Vi står framleis i ein stadig kamp mot nedbygging av jordbruksjord og natur, unødvendige store vegprosjekt og næringslivet sine «behov» for dispensasjonar frå arealplanar. Ønsker om arbeidsplassar brukast for å «trumfe alt».

Vi jobbar for å gjera vegane våre sikrare og vi prioriterer å gjere kollektivtrafikken meir tilgjengeleg, både på sjø og land, både i sentrale strøk og i distrikta våre.

Vi fremmer jamleg forslag til nærskuleopptak i dei vidaregåande skulane våre, og stemmer mot kutt i spesialopplæringa.

Elles får FU/gruppleiarane mange gode anledningar til å verte kjende med fylket vårt gjennom befaringar. Dette er ei særskjedd side av å vere fylkespolitikar.

I tillegg kjem det ei stor mengd tilbod om å delta på konferansar, både om landbruk, kultur og fritid, nærliv og anna. Det kan sjå ut til at særleg næringslivet i Rogaland har godt med pengar til slikt. Vi deltek på ein del av dette; vi tenker at SV også må vise oss der, og lære om det som skjer på alle område.

MEN 2025 har gjeve oss særlege utfordringar.

Det vi vil bruka kreftene på, og det vi endar med at vi må fokusere på, kan vera ulikt..

Kolumbus har vore eit kriseområde....

Siste året har det også vorte mykje fokus på sikkerheit og beredskap.

Vi samarbeidde med AP, R, INP og MdG om alternativt budsjett for 2026:

Et budsjett for et grønnere og mer rettferdig Rogaland - Rogaland SV

Frå oppsummeringa av budsjettarbeidet vårt:

- **Vi styrker kollektivtrafikken, integreringen og ungdomshelsen**
I vårt budsjett har vi lagt fram flere tydelige prioriteringer for et grønnere og mer rettferdig Rogaland. Med 86,3 millioner kroner ekstra til fylket, som vi fikk gjennomslag for i statsbudsjettet, unngår vi å kutte i kollektivtilbudet. Samtidig er vi bekymret for hvordan midlene vil bli brukt av høyresidens flertall, og vi forventer klare og ansvarlige prioriteringer framover.
- **Vi vil sikre at penger til kollektiv faktisk går til buss og båt**
Ekstra midler skal brukes slik de er ment: til å styrke kollektivtilbudet. Rogaland må søke støtte fra den nasjonale ordningen for billigere månedskort.
- **Vi vil styrke integreringen ikke svekke den**
Vi reverserer forslaget om å redusere antall inntak for nyankomne ungdommer fra fire til to i året.
- **Vi prioriterer ungdomshelse**
Vi mener at alle elever i Rogaland fortjener et skolemåltid i løpet av skoledagen. Vi foreslår også å øke støtten til ROS-senteret, som jobber med spiseforstyrrelser.
- **Vi vil ha et seriøst arbeidsliv i Rogaland**
Vi støtter Fair Play Bygg.
- **Vi satser på jernbane og reduserer unødvendig flystøtte**
Vi foreslår at vi melder oss inn igjen i Jernbaneforum Sør-Vest

Vi er knytte til resten av SV-laget gjennom:

- Monika og/eller Kari stiller på styremøta og i representantskapet i RSV.
- Vi reiser på årleg samling for fylkes-folkevalde kvart år i april.
- Monika er medlem av SV sitt EU/EØS-utval.
- OG vi har sjølvsagt delteke der vi har kunna gjennom valkampen 2025.

Vi prøver i vise igjen i møter/konferansar arrangert av «andre»:

- Solamøtet (13/1)
- Helsing på Årsmøte til *Nei til EU* i Rogaland. (8/2)
- 2 Regionkonferanser LO i Rogaland (11-12/2) og (11/11)
- Friskus: Webinar om økt inkludering i samfunnet (27/2)
- LO-debatt i Eigersund (21/5)
- Arendalsuka (11-14/8)
- Tverrpolitisk kvinnemøte på Utsira (26.-27./9)
- Heiplansamling – i Suldal. (23-24/10)
- Ekstra befarig for jernbanesituasjonen i Lund (17/11)
- NHO-debatt om KI i Edda kino, Haugesund (2/12)
- Ca 3 appellar på *Palestinakomiteen* på Haugalandet sine arrangement.

No skal vi stå på vidare og fremje god SV-politikk i lag

Vi vil takke for godt samarbeid med lokallaga, og ønsker eit enno tettare samarbeid med alle dei gode SV-arane me har rundt i kommunane. Det er veldig nyttig for oss når vi kan få innspel frå dykk. Hugs at de også kan sende over saker som de vil at vi skal løfte opp i fylkespolitikken.

Takk også for godt samarbeid med leiinga i Rogaland SV og stortingsrepresentanten vår.

Millionar takk til vår gode fylkessekretær, Olav A. O. Rawcliffe. Han er heilt uunnverleg!

Gruppeleiar vil også nytte høvet til å skryte av dei andre medlemmane av fylkestingsgruppa!

Monika Kuilhaugsvik, gruppeleiar

Sjå neste side for oversikt Spørsmål, Interpellasjonar og medieoppslag.

Interpellasjonar og spørsmål i 2025:

- Spørsmål Kari Vestbø ang. plastforurensing fra fylkeskommunale ferjekaier (SU 29/1)
- Spørsmål Kari Vestbø, SV ang. oppfølging av brev fra forureiningsmyndighet vedr. Helgøy kai (SU 26/3)
- Spørsmål Kari Vestbø, SV ang. dialog med Gjesdal kommune om trafikktryggleik langs vegane Edlandsgeilane, Krambugata og Ole Nielsens vei (SU 1/10)
- Interpellasjon til fylkestinget 29. april 2025 - Tiltak for å løse utfordringen med ungdom som må vente på skolebehov (SV) (FT 29/4)
- Spørsmål til fylkesordfører – Spørsmål rundt Kolumbus (SV) (FT 17/6)
- Spørsmål til fylkesordfører - Avlyst midtlivs oppgradering av tog på Jærbanen (SV) (FT 23/9)

Redaksjonelle oppslag:

- 20.02. [Ville trekke i nødbremsen og stanse bussanbud](#) (SA)
- 10.04. [Amper tannlegestridd går mot slutten: – Skulle bare mangle](#) (SA)
- 13.05. [Aftenbladets nyhetsstudio - Rogaland blir medeier i Hordfast-selskap](#) (SA)
- 28.05. [Kollektivtilbudet i Rogaland kan bli redusert](#) (SA)
- 17.06. [Kritiserer Kolumbus: Ansetter nye mens halvparten kan miste jobben](#) (SA)
- 17.06. [Kolumbus, Ole Ueland | Kolumbus-debatt på fylkestinget](#) (RA)
- 28.10. [Vil innføre gebyr: Lei av at unge dropper tannlegetimen](#) (SA)
- 09.12. [Aftenbladets nyhetsstudio - Søker om millioner til billigere billetter](#) (SA)
- 09.12. [75 passasjerer i året: Lasse Fredheim forklarer bussrute-kutt](#) (SA)
- 11.12. [Kolumbus-saken: Nå må det ryddes opp i styret](#) (SA)

Publiserte lesarinnlegg:

- 10.01. [Godt nytt for tennene til unge mennesker](#) (SA)
- 18.02. [Unge i Rogaland mister tannlegerabatt: - Dette rammer lommebøkene til fattige](#) (SA)
- 13.05. [Debatt, Meninger | «Det er så fint at ungdom engasjerer seg,» sa de.](#) (HA)
- 25.08. [Debatt, Meninger | Frp har ikke peiling på industriutvikling](#) (HA)
- 25.08. [Me treng stortingspolitikarar med plast på hjernen](#) (SA) Saman med Else Marie Svanæs, Miljøpolitisk utval, Rogaland SV